



Møteprotokoll for Kommunestyret i Radøy

Møtedato: 26.10.2017

Møtested: Kommunestyresalen

Møtetid: 18.00

Det blir spørjetime kl. 18.00.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Torill Helland	AP	Medlem
Liv Berit Rath	AP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Normann Sæbø	H	Medlem
Henning Haugland	H	Medlem
Wenche Linda Kalnes Tveranger	FRP	Medlem
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Medlem
Leif Gunnar Taule	SP	Medlem
Martin Soltveit	SP	Medlem
Laila Seifaldet Pletten	SP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Medlem
David Pletten Aasgard	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Morgan Taule	AP	Medlem
Vidar Grindheim	H	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Silje Namtvedt	SP	Medlem
Dag Sætre	SP	Medlem
Ståle Villanger	V	Medlem
Agnes Hoshovde Bernes	V	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem

Ann Christin Hoen	AP	Kirsti Gjetle Floen - AP
Astrid Nordanger	AP	Morgan Taule - AP
Thomas Rikstad	H	Vidar Grindheim - H
Arild Gisle Tveranger	U	Roy Bø - FRP
Johnny Ystebø	SP	Dag Sætre - SP
Arild Valdersnes	SP	Silje Namtvedt - SP
Bjørg Taule Murberg	V	Agnes Hoshovde Bernes - V
Jan Tore Hvidsten	V	Ståle Villanger - V
Finn Frantzen	KRF	Else Marie Skartveit Dale - KRF

Følgjande fra administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, økonomisjef Sveinung Kvamme i sak 047 og 048, leiar teknisk forvaltning Tonje Nepstad Epland og plankonsulent Rolf Raknes i sak 046, møtesekretær Arthur Kleiveland

Spørjetime: Det var ingen innkomne spørsmål til Spørjetimen.

Saksliste

Saksnr	Tittel
045/2017	Meldingar og referatsaker
046/2017	Plansak 12602016000100 - Kommunedelplan Bø - Planframlegg for vedtak om høyring og offentleg ettersyn
047/2017	Tertialmelding januar - august 2017
048/2017	Budsjettregulering
049/2017	Bergen og Omland havnevesen (BOH) - etablering av interkommunalt selskap (IKS) for den lovpålagde delen av hamneverksemda
050/2017	Etablering av Vest brann- og redningsregion
051/2017	Felles løns- og rekneskapskontor for Lindås, Meland og Radøy
052/2017	Representantskapen i NGIR - suppleringsval

- | | |
| --- | --- |
| 045/2017 | Meldingar og referatsaker |
- | | |
| --- | --- |
| 046/2017 | Plansak 12602016000100 - Kommunedelplan Bø - Planframlegg for vedtak om høyring og offentleg ettersyn |
- | | |
| --- | --- |
| 047/2017 | Tertialmelding januar - august 2017 |
- | | |
| --- | --- |
| 048/2017 | Budsjettregulering |
- | | |
| --- | --- |
| 049/2017 | Bergen og Omland havnevesen (BOH) - etablering av interkommunalt selskap (IKS) for den lovpålagde delen av hamneverksemda |
- | | |
| --- | --- |
| 050/2017 | Etablering av Vest brann- og redningsregion |
- | | |
| --- | --- |
| 051/2017 | Felles løns- og rekneskapskontor for Lindås, Meland og Radøy |
- | | |
| --- | --- |
| 052/2017 | Representantskapen i NGIR - suppleringsval |

Behandling:

Det vart stilt fleire spørsmål og innspel frå medlemane i kommunestyret:

Bjørg Taule Murberg (V) stilte spørsmål knytt til veglys på strekninga Marås-Manger. Ho viste til at dette var eit prioritert tiltak, men fylkeskommunen overførte midlane til eit anna prosjekt i ein annan kommune. Taule Murberg sa at det er eit stort ønske frå bygda å få dette tiltaket realisert.

Ordførar Jon Askeland svara at han tok saka opp i oppfølgingsmøte med Statens vegvesen/fylkeskommunen.

Jan Tore Hvidsten (V) ønskte ei utgreiing om kva som ligg i fiberavtalen med Telenor. Han viste til at ein del innbyggjarar slit med å få fiber innlagt utan samtidig å gjera avtale om TV.

Ordførar Jon Askeland uttrykte begeistring over at radværingane har fått digital motorveg. Han peika på at dialogen mellom Telenor og sluttbrukar ikkje er noko kommunen kan legga seg opp i.

Ordføraren sa at kommunen har tatt opp problemstillinga med Telenor/Canal Digital og bede dei rydda opp i feilinformasjon som er gitt, noko dei har lova å gjera.

Arild Tveranger (Uavh.) stilte spørsmål om det er mogleg for kommunen å forskottera asfaltering av den fylkeskommunale vegen over Haukåsen og senda rekninga til fylkeskommunen.

Ordføraren viste til at formannskapet har sendt høyringsuttale på Investeringsprogrammet for fylkesvegar i RTP, der dette tiltaket er med er tatt med. Ordføraren meiner det er nødvendig å sjå på rammene i budsjettet for 2018 før kommunen vurderer ei eventuell kommunal forskottering av dette tiltaket.

Fellesnemnda: Ordførar Jon Askeland orienterte om arbeidet i fellesnemnda for Alver kommune. Han orienterte mellom anna om ulike hovudprosjekt administrativt og politisk i mandatet og organiseringa av ny kommune. Ordføraren orienterte også om arbeidet med innplassering av dei tre rådmennene i Alver kommune, der tilsetjing av programansvarleg/rådmann inngår. Tilsetjinga vert gjort i fellesnemnda 6. november.

Finn Frantzen (KrF) viste til store investeringsprosjekt som er planlagt i Lindås og Meland, og stilte spørsmål om dei tre Alver-kommunane ikkje har ei viss tilpassing/styring av nye investeringar framover.

Ordføraren svara at det enkelte kommunestyret i dei tre kommunane inntil vidare er ansvarlege for sine disponeringar, og at det på dette tidspunktet ikkje er høve til å gripa inn i kvarandre sine planar. Han peika på at det er lagt opp til at kommunane skal samsnakkast i fellesnemnda i stadig større grad frå 2018.

Eigedomsskatt: Ordføraren orienterte om forslag til endringar i eigedomsskattelova og kva alvorlege konsekvensar dette vil gje for Radøy kommune - og i neste omgang for Alver kommune. For Radøy kan det handla om rundt 5 mill. kroner mindre i inntekter.

Budsjett 2018: Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om arbeidet med budsjett 2018, basert på nøkkeltal i forslaget til statsbudsjett. Han konstaterte at framlegg til statsbudsjett ikkje vil gje Radøy overføringer som vil dekka løns- og prisveksten.

Kontrollutvalet: Leiar i kontrollutvalet, Arild Tveranger orienterte om aktuelle saker i førre møte i utvalet.

Kommunestyret tok meldingar og referatsaker til orientering.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

046/2017: Plansak 12602016000100 - Kommunedelplan Bø - Planframlegg for vedtak om høyring og offentleg ettersyn

Behandling:

Plankonsulent Rolf Raknes og leiar teknisk forvaltning, Tonje Nepstad Epland, presenterte kommunedelplanen og svara på spørsmål.

Planen opnar for betydeleg grad av bustadbygging i området, mellom anna med to store areal på 60 og 20 dekar. Det vert også lagt opp til ei fortetting og utvikling av sentrumsområdet på Bø.

Henning Haugland (H) stilte spørsmål ved enkeltområde i planen er øyremerkt til bustadutbygging, men som han meiner ikkje vil vera eigna for bustad. Han ønskjer ein plan som i større grad ivaretak både praktiske og økonomiske omsyn.

Ordførar Jon Askeland framheva kommunedelplan som ein plan med gode moglegheiter, med rom for mange bustader. Han peika på at det er opp til grunneigarane kva som vidare skal skje.

Ordføraren informerte om at det i høyringsperioden vil bli arrangert folkemøte i krinsen om planen.

David Pletten Aasgard (KrF) viste til at vegutfordringar i planområdet og behov for oppgradering.

Ordføraren svara at det kommunen har sendt innspelt til fylkeskommunen om dette.

Kommunestyret vedtok samråystes formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Radøy kommunestyre vedtek i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §11-14 å leggja ut planframlegg til kommunedelplan for Bø 2017 (PlanID: 12602016000100) med plankart, føresegner og planskildring, til offentleg høyring og ettersyn.

Radøy kommunestyre vedtek samstundes i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12-14 å leggja ut til offentleg høyring og ettersyn framlegg om oppheving av reguleringsplanane:

- (PlanID: 12602010000700) Bø reguleringsendring
- (PlanID: 12601987000100) Krossneset
- (PlanID: 12601994000100) Nordbø
- (PlanID: 12601988000100) Bøvågen bustadfelt (del av)
- (PlanID: 12601973000200) Bøvågen

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

047/2017: Tertialmelding januar - august 2017

Behandling:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte kort om tertialmeldinga og sa at hovudbodskapen er at 2017-budsjettet er rimeleg i rute.

Leif Taule (SP) sa at tertialmeldinga vitnar om god økonomistyring og kontroll.

Taule tok opp oppfølginga av vassframførings-prosjektet til Lilletveit. Han understreka at det ligg eit klart politisk vedtak om dette prosjektet, og at dette er eit prioritert anlegg som han oppfattar at det er løyvt midlar til.

Arild Tveranger (Uavh.) viste til sjukefråveret i Radøy og spurde kva tiltak som blir gjort for å redusera sjukefråveret. Rådmann Jarle Landås svara at administrasjonen i lang tid har vore bekymra over sjukefråveret, og at det har vist seg vanskeleg å finna tiltak som virkar. Han viste til ei medarbeidarundersøking som er gjort i Radøy kommune, og sa at det vert vurdert korleis den skal følgjast opp.

Leif Taule ser behovet for ein gjennomgang av Frivilligsentralen, for å ta del i nye oppgåver, særleg retta mot flyktninger.

På vegne av samarbeidspartia Sp/Ap/KrF sette Leif Taule fram følgjande tilleggsframlegg:

Med bakgrunn i at ansvaret for tildeling av midlar til Frivilligsentralane er overført til kommunane frå 1.1.2017, ber kommunestyret om at rådmannen legg fram sak om ny organisering, inkl. retningslinjer for Frivilligsentralen i Radøy, til kommunestyremøtet i desember 2017.

Rådmann Jarle Landås informerte om at administrasjonen vil gjera grep for å endra styringsstrukturen for Frivilligsentralen. Han sa også at det er igang ein dialog for at Frivilligsentralen skal arbeida inn mot flyktninger.

Radøy kommune har inngått rammeavtale gjennom "Bergensavtalen" for innkjøp av matvarer til skular og barnehagar. Leif Taule (SP) sa at dette har skapt reaksjonar og hevda at det ikkje er i tråd med delegasjonsreglementet at denne avtalen ikkje først er handsama politisk.

På vegne av samarbeidspartia Sp/Ap/KrF sette Leif Taule fram følgjande tilleggsframlegg:

Kommunestyret ser det som veldig uheldig at administrasjonen har inngått rammeavtale gjennom «Bergensavtalen» for innkjøp av matvarer til skular og barnehagar, med verknad frå august 2017, utan at dette har vore tatt opp med politisk nivå (ordførar/formannskap) då dette er eit brot med tidlegare praksis.

Kommunestyret ser det som viktig at kommunen støttar opp om lokalt næringsliv og såleis gjer sitt til at dei lokale butikkane framleis kan eksistere i lokalsamfunna våre.

Kommunestyret ber om at det vert tatt initiativ for å sjå om og kor tid kommunen kan gå ut av denne avtalen.

Moglege framtidige innkjøpsavtalar skal leggjast fram for politisk nivå (ordførar/formannskap) før kommunen inngår avtale.

Rådmann Jarle Landås understreka at det i "lov om offentlege anskaffelsar" blir stilt strenge krav til kommunale anskaffelsar, inkludert innkjøp av mat. For jamnlege kjøp av matvarer i den storleik som Radøy gjer, vert det stilt krav om at kommunen må gå ut med anbod på den opne marknaden.

Rådmannen peika på at utan innkjøpsavtale vil kommunen gjera ulovlege innkjøp. Han sa at Radøy har knytta seg til Bergensavtalen fordi kommunen er for liten til å handtera alle anskaffelsar sjølv.

Normann Sæbø (H) sette fram følgjande framlegg:

Forslaget frå samarbeidspartia Sp/Ap/KrF blir sendt over til administrasjonen for vidare utgreiing og juridisk vurdering av avtalen knytt til Bergensavtalen.

Leif Taule (SP) ba om gruppemøte for SP/AP/KRF. Etter gruppemøtet gjorde han det klart at framlegget frå samarbeidspartia skal til votering.

Kenneth Taule Murberg (H) sa seg einig i at det er viktig å støtta opp under lokalt næringsliv, men kunne ikkje støtta kritikken mot administrasjonen som han oppfattar kjem fram i samarbeidspartia sitt framlegg. Han meiner det på politisk nivå i Radøy har vore full tilslutning til Bergensavtalen.

Taule Murberg ba om følgjande protokollmerknad:

Vi er samde i at det er viktig å støtta lokalt næringsliv. Men vi stemmer i mot framlegget frå SP/AP/KRF fordi vi ønskjer ei juridisk vurdering av å gå ut av innkjøpsavtalen og kva konsekvensar dette vil kunne få. Vi tar sterkt avstand frå kritikken om at dette er brot med tidlegare praksis. Det har ikkje vore retta kritikk mot "Bergensavtalen" før.

David Pletten Aasgard (KrF) sa at han ikkje ser noko ulovleg i at samarbeidspartia ønskjer å trekka kommunen frå avtalen.

Bjørg Taule Murberg (V) ba om følgjande protokolltilførsle:

Eg støttar lokalt næringsliv, men vil ha framlegget oversendt til administrasjonen for juridiske avklaringar.

Arild Tveranger (Uavh.) understreka også at det er nødvendig å få vurdert dei juridiske sidene ved rammeavtale knytt til "Bergensavtalen" for innkjøp av matvarer til skular og barnehagar.

Avrøysting:

Formannskapstilrådinga vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Sp/Ap/KrF knytt til Frivilligsentralen vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Sp/Ap/KrF knytt til rammeavtale "Bergensavtalen" vart vedteke med 18 (9 Sp, 5 Ap, 2 KrF, Jan Tore Hvidsten, V og Henning Haugland, H) mot 7 røyster.

Mindretallet (4 H, 2 FrP, 1 V) røysta for oversending av framlegget frå Sp/Ap/KrF).

Vedtak:

Tertialmeldinga vert teken til orientering.

Med bakgrunn i at ansvaret for tildeling av midlar til Frivilligsentralane er overført til kommunane frå 1.1.2017, ber kommunestyret om at rådmannen legg fram sak om ny organisering, inkl. retningslinjer for Frivilligsentralen i Radøy, til kommunestyremøtet i desember 2017.

Kommunestyret ser det som veldig uheldig at administrasjonen har inngått rammeavtale gjennom «Bergensavtalen» for innkjøp av matvarer til skular og barnehagar, med verknad frå august 2017, utan at dette har vore tatt opp med politisk nivå (ordførar/formannskap) då dette er eit brot med tidlegare praksis.

Kommunestyret ser det som viktig at kommunen støttar opp om lokalt næringsliv og såleis gjer sitt til at dei lokale butikkane framleis kan eksistere i lokalsamfunna våre.

Kommunestyret ber om at det vert tatt initiativ for å sjå om og kor tid kommunen kan gå ut av denne avtalen.

Moglege framtidige innkjøpsavtalar skal leggjast fram for politisk nivå (ordførar/formannskap) før kommunen inngår avtale.

048/2017: Budsjettregulering

Behandling:

Kommunestyret vedtok samråystes formannskapet si tilråding.

Vedtak:

Budsjett for 2017 vert regulert i samsvar med skjema 1 og 2:

Drift Skjema 1A og 1B	
Sum fordelt til drift (1A)	955.000
Meir/mindreforbuk (1A)	-955.000
Helse og omsorg (1B)	+ 955.000
Sum skjema 1B	+ 955.000

Investering skjema 2A og 2B	
Bruk av lån (2A)	50 900 000
Bø barnehage (2B)	-23 087 000
Solhall kjøp av bygg	-11 813 000
Renseanlegg Manger (2B)	-15 000 000
Turveg Manger (2B)	-1 000 000
Netto endring	-

049/2017: Bergen og Omland havnevesen (BOH) - etablering av interkommunalt selskap (IKS) for den lovpålagde delen av hamneverksemda

Behandling:

Kommunestyret vedtok samråystes formannskapstilrådinga.

Vedtak:

1.. Radøy kommune godkjenner at det vert etablert eit interkommunalt selskap, Bergen og Omland Havn IKS (BOH IKS), for å ivareta kommunen sine lovpålagte myndighetsoppgåver, jf. hamne- og

farvassloven § 10, saman med dei andre kommunane i hamnesamarbeidet i dagens BOH og BOH AS

2. Ordføraren får fullmakt til å stifta det nye hamneselskapet saman med dei øvrige samarbeids-kommunane. Dette i samsvar med vedlagte stiftingsdokument og selskapsavtale for BOH IKS, samt andre retningsliner som kjem fram av saka, som fastsetting av endeleg opningsbalanse, gjennomføra kapitalinnskot og halda konstituerande representantskapsmøte med val av styre og revisor.

Det vidare arbeidet med gjennomføringa av selskapsetableringa og overføringa av kapital/verdiar, blir ivaretatt av styret og den daglege leiinga i det nye selskapet, jf. tenestekjøpsavtale med BOH AS.

3. I medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og hamne- og farvasslova av 17.04.2009 nr. 19 § 10, vert Radøy kommune sitt mynde etter hamne- og farvasslova delegert til BOH IKS.

Kommunestyret forutset at delegasjonen av mynde til BOH IKS ikke innskrenker Radøy kommune sitt høye til å setja i verk tiltak for å verna innbyggjarane si helse når helsevern-styresmaktene tilrår dette.

4. Frå Radøy kommune blir følgjande valde som medlem og varamedlem til representantskapet i bOH IKS:

Medlem: Ordførar
Varamedlem: Varaordførar

050/2017: Etablering av Vest brann- og redningsregion

Behandling:

Ordførar Jon Askeland orienterte om saka. Han peika på at det er fullt mogleg å trekkja seg ut av samarbeidet når Radøy går inn i Alver kommune frå 2020. Askeland peika også på at IUA og 110-sentralen blir innlemma i samarbeidet i Vest brann- og redningsregion. Han peika på at samarbeidet er eit pilotprosjekt i landssamanhang.

Martin Soltveit (SP) uttrykte forundring over at dei tre Alver-kommunane ikkje er meir samstemte i saka. Han meiner det ikkje er lurt å gå inn no og ut att om to år.

Leif Taule (SP) ba om gruppemøte.

Kommunestyret vedtok formannskapstilrådinga mot 1 røyst (Arild Valdersnes - Sp)

Vedtak:

Radøy kommune inngår som medlem i Vest brann- og redningsregion

1. Radøy kommune sluttar seg til vedtekten for samarbeidet
 2. Ordføraren er Radøy kommune sin årsmøterepresentant for gjeldande kommunevalperiode
 3. Radøy kommune gir Bergensalliansen fullmakt til å velje eit interimsstyre for Vest brann- og redningsregion som skal fungere inntil ordinært styre vert vald av det første ordinære årsmøtet
 4. Melding om vedtak vert sendt sekretariatet til Bergensalliansen
 5. Første driftsåret vert det lagt til grunn at budsjettet skal vere på fem millionar kroner.

- Dei to neste driftsåra skal budsjettet berre justerast for pris- og lønsvekst
6. Den økonomiske konsekvensen av å tre inn i samarbeidet vil bli handtert i arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan 2018 – 2021.
-

051/2017: Felles løns- og rekneskapskontor for Lindås, Meland og Radøy

Behandling:

Anne Berit Bø Palmesen reiste spørsmål om ho er ugild i saka på grunn av nært slektskap. Kommunestyret erklærte Bø Palmesen ugild, og ho deltok ikkje i handsaminga av saka.

Rådmann Jarle Landås orienterte og sa at det vil vera hensiktmessig å gå saman om nokre tenester også ny kommune er etablert frå 1.1.20. I tillegg til løn- og rekneskapskontor vert det også felles barnevernkontor for dei tre kommunane frå neste år, med Radøy kommune som vertskapskommune. Lindås kommune blir vertskapskommune for felles løns- og rekneskapskontor for Lindås, Meland og Radøy, som etter planen skal vera i drift i august 2018.

Kommunestyret vedtok samråystes formannskapet si tilråding.

Vedtak:

1. Nytt felles løns- og rekneskapskontor vert organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven §28 -1b mellom Lindås, Meland og Radøy med Lindås kommune som vertskommune. Det nye felles kontoret trer i kraft frå 01.08.2018.
 2. Kommunestyret instruerer rådmannen til å deleger mynde til rådmannen i Lindås kommune.
 3. Kommunestyret vedtek samarbeidsavtalen mellom Lindås, Meland og Radøy.
-

052/2017: Representantskapen i NGIR - suppleringsval

Behandling:

Leif Taule (Sp) meiner det er viktig at Radøy kommune stiller med to representantar på eit så viktig møte som representantskapsmøtet i NGIR. På grunn av at møtet er flytta, er det ikkje mogleg for Radøy å stilla fulltallig utan at det blir gjort eit suppleringsval av vararepresentantar til representantskapen i NGIR.

Taule sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Dag Sætre (Sp) vert valt som 5. vararepresentant til representantskapen i NGIR.

Kommunestyret vedtok samråystes framlegg til suppleringsval.

Vedtak:

Dag Sætre (Sp) vert valt som 5. vararepresentant til representantskapen i NGIR.
